

Saksprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtedato: 31.10.2016
Arkivsak: 16/3461

Sak: 82/16

SAKS PROTOKOLL - BUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017-2020

Behandling:

Fleirtalsforslag frå h, krf og sp

Forslag til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent med innarbeida endringar.

Mindretalsforslag frå ap og frp

Avlastning og barnebustad innarbeidast med 20 mill. i 2019 og 25 mill. i 2020. Finansieringsplanen vert endra i skjema 1A, 2A, og 2B.

Votering:

Fleirtalsforslaget fekk 5 stemmer, h, krf og sp.

Mindretalsforslaget fekk 4 stemmer ap og frp.

Omforent forslag

Endring i innstillinga punkt 3B første setning: Nedbetalingstid på lån 2017-2020, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskrida **30** år.

Votering:

Omforent forslag fekk 9 stemmer.

Omforent forslag

Tillegg til innstillinga punkt 6 A:

Innbyggjarar, lag og organisasjonar skal involverast i arbeidet.

Votering:

Forslaget fekk 9 stemmer.

Omforent forslag

Tillegg til innstillinga punkt 6 E:

Forhandlingsutvalet blir involvert i arbeidet.

Votering:

Forslaget fekk 9 stemmer.

Forslag frå Torbjørn Hovland -krf og Ane Mari Braut Nese –h

Nytt punkt 7:

Klepp kommune inviterer Hå og Time kommune til drøfting om felles brannvern.

Votering:

Forslaget fekk 9 stemmer.

Det blei så votert over dei øvrige punkt i innstillinga:

Punkt 1.B, punkt 2, punkt 3.A, C og D, punkt 4.A og B, punkt 5, punkt 6. B, C og D som alle fekk 9 stemmer.

Økonomiutvalet si TILRÅDING til formannskapet:

1. A Forslag til budsjett for 2017 og økonomiplan for 2017-2020 i skjema 1A, 1B, 2A, og 2B vert godkjent med med innarbeida endringar.

B *Nettoramme* for kvart rammeområde for 2018 vert lagt til grunn i utarbeidinga av rammene for 2018.
2. Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2017.
 - Skatt på inntekt 11,8 %
 - Skatt på formue 0,7 %
3. A Til finansiering av investeringar i 2016 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 128.902.000,- som fordeler seg slik:

1. Ordinære investeringar.....	kr 60.602.000,-
2. VAR-investeringar.....	kr 24.900.000,-
3. Bustader Husbanken.....	kr 18.400.000,-
4. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån)	kr 25.000.000,-

B Nedbetalingstid på lån 2017-2020, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskrida **30** år. Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskrida 25 år.
- C Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement sist vedteke 15.06.2015.
- D I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A Framlegg til mål 2017 vert godkjent.

B Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
 1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
 2. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
 3. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
 4. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i < 60 % av driftsinntektene
5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.
6. A Det vert gjennomført utredning av nytt «kommunehus» i sentrum. Utredninga skal omfatta fellesfunksjonar for innbyggjarane som kulturscene, bibliotek, kulturskule, servicefunksjonar, administrasjon, møterom m.m. Innbyggjarar, lag og organisasjonar skal involverast i arbeidet.

B Lokalisering skal sjåast i samanheng med sentrumsplanen og kollektivtrafikk.

- C Utredninga skal omfatta ein finansieringsplan kor bygget vert realisert ved frigjeringa av eksisterande verdiar i bygg, eidommar og eksisterande leigeavtalar.
 - D Fleirbruksløyisingane kan og dekkja skulebehov og idrettshall. Middel avsett til desse kan tas med i samla finansieringsplan.
 - E Utredninga vert lagt frem for formannskapet innan september 2017. Forhandlingsutvalet blir involvert i arbeidet.
7. Klepp kommune inviterer Hå kommune og Time kommune til drøfting om felles brannvern.